

HISTORIA

om handelsstaden Skjerjehamn

Lengst nordvest på Sandøy, på noko som ein gong var ei lita øy, men som no er knytt saman med hovudøya av ei fylling, ligg Skjerjehamn. Staden ligg i skipsleia gjennom Gulen som går mellom Sandøy og Mjømna. Skjerjehamn skal ha vore handelsstad frå gamal tid. Hovudhuset vart reist i 1891 av Otto Schreuder. I tillegg til gjestgiveri, har her vore drive butikk, postopneri, telegrafstasjon, nothenge/barkeri, slipp/mekanisk verkstad, trelastlager, dampskipsekspedisjon, samt eit lite gardsbruk. Skjerjehamn, som er i privat eige, er svært verneverdig.

Gjestgjevarstad og kremmarleie

Det må ha vore hamn her langt attende, og alt før 1600 trur ein det har budd fastbuande folk her. Eit brev skrive av Georg Reichwein datert "Schierhavn den 8 Februar 1641" tyder på at det alt då var gjestgjevarstad her. I 1668 vart staden omtalt som kremmarstad. Frå 1697 var Skjerjehamn tingstad, og på tinget i 1706 vart det opplyst at det var gjestgjevarstad og hadde vore kremmarleie frå gamalt av. Fyrste kremmaren som er kjend heitte Jon Dirch. Han kom truleg til Skjerjehamn kring 1640. I manntalet frå 1665 er han registrert som "Borger i Bergen och Ansættig i Schierjehafen". I 1757, då Gabriel Andreas Jæger var gjestgjevar, vart staden omtalt slik: "Omstendighederne ere at det er Skyds Skiftestæd for de Rejsende, hvor brave Folk kand nyde skidkelig Forplejning og Natte Herberge, hvorfor Stædet er anordnet til de Rejsendes Fornødenhed". Jæger hadde fem døtrer, den eine, Margrete, vart gift med diktarpresten Petter Dass.

Otto Schreuder

Fram til målarmeister Wilhelm Schreuder frå Bergen kjøpte Skjerjehamn i 1861, var det familien Ross - frå Rossenborg i Sogndal, som dreiv handelsstaden. Det var son til Wilhelm Schreuder, Otto, som bygde våningshuset som enno står. Han bygde òg eit stort trelastlager, og i hans tid kom både postopneri, telegrafstasjon og rikstelefon til Skjerjehamn. Otto Schreuder dreiv i tillegg med eksport av fisk og levande hummar til England. Han skal vera av dei fyrste som byrja å senda fisken i kasser. Kring 1900 var staden omlastingsplass for mange båtruter.



Stordomstida

Johannes Steine, som overtok staden i 1918, utvida trelasthandelen. Han bygde trelastlager ved kaia med butikk og kontor, og starta notbakeri, slipp og mekanisk verkstad. Staden vart eit treffpunkt der folk kom for å handle, hente post og telefonere. Her kunne ein gå rundt i fleire timar å prate med folk og frette nytt. I 1929 hadde Skjerjehamn 17 stopp utanom lokalrutene - ti år seinare var dette halvert. I 1950 var det berre to stopp i tillegg til lokalrutene.

Bygningane

Hovudbygningen, hotellet, er Skjerjehamn sitt smykke. Det er eit stort hus i to høgder. Det vart reist av byggmeister Korsvold i 1891 og er oppført i sveitserstil - som dei fleste andre hotell frå denne tida. Til høgre for hotellet står Skjenkestova: Her sat Gjest Baardsen fengsla og bygningen nyttast i dag som lokale for mindre happeningar og lystige lag. Nord for våningshuset og den vesle hamna står ein stor lagerbygning, kalt Pakkhuset, som idag har stor restaurant/festlokale, bar, konferanserom og auditorie, galleri og fem moderne leilegheiter.

Skjerjehamn i dag

Dei stendig fleire båtstoppa hadde i si tid styrkt staden, - no med færre og færre stopp miste staden livskrafta si. Etter kvart som trafikken skifta over frå sjø til land måtte denne vegause staden gje tapt. Skjerjehamn hadde ei sentral plassering i rutene til Fylkesbaatane fram til 1940-åra. I 2005 kjøpte fiskeoppdrettar Ola Braanaas Skjerjehamn frå Bjarne, Arne og Målfrid Hesvik, og bygde staden om for kring 35 millionar kroner til reiselivsverksemd for båtturisme, overnatting og kursstad.

Heilt konge!

I 2007 kjøpte Braanaas eit granittmonument av kong Olav V og sette det opp på ein haug ved Skjerjehamn. Monumentet var laga av kunstnaren Knut Steen på oppdrag av Oslo kommune, men då dei såg korleis monumentet var utforma, ville ikkje Oslo ha det. Mange stader i landet melde seg på for å få overta monumentet, og Braanaas og Skjerjehamn vann. Monumentet vart avduka under den aller første UTKANT-festivalen, som har blitt til ein årleg festival med fleire tusen besøkande kvart år. Festivalen vann i 2012 "årets kultur-idé" i Sogn og Fjordane, og har sidan starten hatt artistar som Datarock, Nils Petter Molvær, DeLillos, Raga Rockers, Lars Vaular, Casiokids, Karpe Diem, The Cumshots, Ralph Myerz og Bjørn Eidsvåg.

Som vår gjest er du med på å halde liv i og ta vare på ein av vestlandskysten sine gamle handelsstader og kulturberarar. Det set både vi og dei gamle husa her pris på. Vi håpar de har eit fint opphald! Nyt livet, føl kraften.

NRK Fylkesleksikon og Vilde Braanaas